

Inga avklaring enno om grusbana

13.06.2007



Blir det avklaring om grusbana til veka?.

Uskedalen Idrettslag har enno ikkje fått noko svar på førespurnaden om kommunen vil ta i mot grusbana, som laget ynskjer å gje bort. Idrettslaget tok opp saka i april og bad om eit møte.

I byrjinga av denne månaden svara kommunen med å beramma eit møte til tirsdag i denne veka, men dette har vorte utsett.

Nestleiar i idrettslaget Bjørn Olav Tveit, som skal fylgje opp saka, opplyser til uskedalen.no at møtet kanskje kan finna stad til veka.

På dette møtet skal vilkåra for ei eventuell overdraging drøftast. Så langt har laget ikkje fått noko vink frå kommunen om korleis den ser på saka.

Idrettslaget ynskjer i større grad å nytta sine begrensa ressursar på aktivitetar i staden for å leggja store delar av ressursane i vedlikehald og drift. Og det er naturleg nok Heio som må prioriterast.

Grusbana ligg ved skulen og vert nytta av skulen dagleg. Difor er det naturleg at kommunen også har eigedomsrett til og ansvar for denne bana, meiner idrettslaget.

Av Ola Matti Mathisen